



Saksnr.	Utval	Møtedato
128/25	Kommunestyret	16.12.2025

Forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF

KOST- 128/25 Vedtak:

Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.
2. Kommunestyret ber kontrollutvalet om å i tillegg gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF som vurderer om føretaket driv kostnadseffektivt, målretta og i samsvar med overordna vedtak og føringar frå kommunen – med særleg fokus på vedtekne modellar, eksternt sal, og organisatoriske val.
3. Forvaltningsrevisjonen av Bordgleder Kinn kommune KF vert finansiert med ei overføring frå 2025 til 2026 av budsjettert løyving til kontrollutvalet på kr 100 000 til utføresette hendingar, og auke i ramme for kontrollarbeidet i 2026 på kr 200 000 – totalt kr 300 000 til gjennomføring av forvaltningsrevisjon gjennom eventuell eksternt revisjonsmiljø.
4. Det vert lagt til grunn at forvaltningsrevisjonen har ei ramme på 150 – 200 timar.
5. Sekretariatet for kontrollutvalet hentar eventuelt inn tilbod på ekstern bistand, og følger opp innkjøpet i samråd med kontrollutvalet.
6. Når rapporten frå forvaltningsrevisjonen føreligg vert den oversendt til kommunestyret etter handsaming og innstilling frå kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har sendt over vedtak frå møte 03.12.2025, der dei ber kommunestyret om å behandle sak om forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF.

Saksopplysningar:

Kinn kontrollutval har motteke ei henvending om kontrolltiltak ovanfor Bordgleder KF. Under handsaming i møte 03.12.2025 vart det notert følgjande:

Kontrollutvalet tek henvendinga til vitende, og saman med rapporten frå Vestland Revisjon og orienteringa frå kommunedirektøren finn kontrollutvalet det aktuelt med ein forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF. Kontrollutvalet vil difor oversende

henvendinga til kommunestyret, med tilråding om oppfølging.

Kinn kontrollutval har i møte 03.12.2025, i sak 57/25, vedteke følgjande tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.
2. Kommunestyret ber kontrollutvalet om å i tillegg gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF som vurderer om føretaket driv kostnadseffektivt, målretta og i samsvar med overordna vedtak og føringar frå kommunen – med særleg fokus på vedtekne modellar, eksternt sal, og organisatoriske val.
3. Forvaltningsrevisjonen av Bordgleder Kinn kommune KF vert finansiert med ei overføring frå 2025 til 2026 av budsjettett løyving til kontrollutvalet på kr 100 000 til utføresette hendingar, og auke i ramme for kontrollarbeidet i 2026 på kr 200 000 – totalt kr 300 000 til gjennomføring av forvaltningsrevisjon gjennom eventuell eksternt revisjonsmiljø.
4. Det vert lagt til grunn at forvaltningsrevisjonen har ei ramme på 150 – 200 timar.
5. Sekretariatet for kontrollutvalet hentar eventuelt inn tilbod på ekstern bistand, og følger opp innkjøpet i samråd med kontrollutvalet.
6. Når rapporten frå forvaltningsrevisjonen føreligg vert den oversendt til kommunestyret etter handsaming og innstilling frå kontrollutvalet.

Vurderingar:

Kommunestyret behandlar saka.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Repr. Nødseth (V) ber om å få fritak i sakene 127/25 og 128/25 etter kommunelova § 11.11, med grunngjeving i at det er personleg belastande.

Kommunedirektøren har vurdert søknaden etter § 11.11, men det er opp til kommunestyret å avgjere dette. Viser ellers til notat vedrørende habilitet.

Kommunestyret røyster over dette sm ein fritakssøknad.

Fritakssøknad frå Nødseth (V) vedteke mot 16 røyster (9 FrP, 2 UAH, 4 Raudt, 1 SP v/Midtbø).

Varamedlem Malvin Horne tiltrer i sakene 127/25 og 128/25.

Representantane Midtbø (SP) og Eikevik (SP) ønskjer sin habilitet vurdert, då dei er varamedlemmar i styret i Bordgleder.

Ordførar foreslår at begge er habile, og kommunestyret vedtek samrøystes begge som habile.

Røysting:

Innstilling frå kontrollutvalet til punkt 1 samrøystes vedteke.

Innstilling frå kontrollutvalet til punkt 2-6 falt med 18 røyster (2 UAH, 4 R, 9 FrP, 1 H v/Olseth, 1 Sp v/Halsne, 1 KrF v/Vig).

KOST- 128/25 Vedtak:

Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.

